



NTNU

Fakultet for Naturvitenskap og Teknologi  
Institutt for Fysikk

# Kontinuasjonseksemene TFY 4104

## Fysikk august 2011

Faglærar: Professor Jens O. Andersen  
Institutt for Fysikk, NTNU  
Telefon: 73593131

12. august 2011  
kl. 09.00-13.00

Hjelpe middel:  
Godkjend kalkulator  
Rottmann: Matematisk Formelsamling  
Rottmann: Matematische Formelsammlung  
Barnett & Cronin: Mathematical Formulae

Nyttige formlar finn du på slutten av oppgåvesettet som er på fem sider.  
Les oppgåvene nøye. Lykke til.

### Oppgåve 1

Ei kule med masse  $m$  er i ro i posisjon 1, sjå Figur 1. Tyngdeakselerasjonen  $g$  er nedover som vist. Vi slepp nå kula som deretter går i sirkelbane og treff ei anna kule med masse  $m$  som heng i vertikal posisjon. Snorlengda er  $l$ . Posisjon 2 tilsvarer  $y = 0$  og posisjon 1 er difor  $y = l$ . Posisjon 3 tilsvarer  $y = h$ .

- Kva er hastigheten  $v_1$  til kule 1 rett før kollisjonen?
- Kva er snordraget  $S$  rett før kollisjonen?




Figure 1: Matematisk pendel.

- c) Kollisjonen er fullstendig uelastisk. Kva er den felles hastigheten  $v_2$  rett etter kollisjonen? Kor mykje energi blir omgjort til varme i kollisjonen?
- d) Dei to kulene beveger seg vidare i sirkelbane og endar opp i posisjon 3. Kva er høgda  $h$ .

## Oppgåve 2

- a) Vi har ei sylindersymmetrisk ladningsfordeling med ladningstettheit i sylinderkoordinatar  $(r, \theta, z)$  gjeve ved

$$\rho = \begin{cases} \rho_0 \left(1 - \frac{r}{R}\right) & , r \leq R \\ 0 & , r > R \end{cases},$$

der  $\rho_0$  og  $R$  er konstantar.

- a) Rekn ut det elektriske feltet  $\vec{E}$  overalt i rommet.
- b) Rekn ut potensialet  $V(r)$  overalt i rommet når vi krev at  $V(r=0)=0$  og at  $V(r)$  er kontinuerleg i  $r=R$ .

## Oppgåve 3

Vi har  $n$  mol av ein ideell gass i eit volum  $V$ . Varmekapasiteten ved konstant volum er  $C_V = \frac{3}{2}nR$ , der  $R$  er gasskonstanten. Gassen gjennomgår syklusen som vist på Figur 2. Temperatur, trykk og volum i dei tre tilstandane er  $T_1$ ,  $P_1$ ,  $V_1$  etc. Alle svar skal uttrykkast ved hjelp av temperaturane  $T_1$ ,  $T_2$  og  $T_3$  og voluma  $V_1$ ,  $V_2$  og  $V_3$ .




Figure 2:  $PV$ -diagram for syklusen i oppgåve 3.

- Frå tilstand 1 til tilstand 2 gjennomgår gassen ei isobar utviding. Kor mykje varme  $Q_{12}$  blir gassen tilført? Kva er entropiendringa  $\Delta S_{12}$  til gassen?
- Frå tilstand 2 til tilstand 3 gjennomgår gassen ei adiabatisk utviding. Rekn ut arbeidet  $W_{23}$  som gassen gjer på omgjevnaden. Kva er entropienendringa  $\Delta S_{23}$  til gassen?
- Frå tilstand 3 til tilstand 1 gjennomgår gassen ein isoterm kompressjon. Kva er entropiendringa  $\Delta S_{31}$ ?

d) Rekn ut

$$\Delta S = \Delta S_{12} + \Delta S_{23} + \Delta S_{31},$$

og forklar resultatet.

## Oppgåve 4

Oppgåva er tre spørsmål som du kan svare på uavhengig av kvarandre.

a) Faradays induksjonslov er

$$\mathcal{E} = -\frac{d}{dt} \int \vec{B} \cdot \vec{n} dS.$$

Forklar innhaldet i denne likninga, gjerne med figur.

b) Vi parallellkoplar to kondensatorar med kapasitansar  $C_1$  og  $C_2$ . Sjå Figur 3. Den effektive kapasitansen er  $C_{\text{eff}}$ . Vis at

$$C_{\text{eff}} = C_1 + C_2.$$




Figure 3: Parallelkopling av to kondensatorar.

c) Formuler parallellakseteoremet (Steiners sats).

## Nyttige formlar:

$$\begin{aligned}\vec{E} &= -\nabla V \\ PV &= nRT, \\ dE &= dQ + dW \\ dQ &= C_V dT, \quad (\text{isokor}) \\ dQ &= C_P dT, \quad (\text{isobar}) \\ C_P &= nR + C_V, \\ dW &= -PdV, \\ dS &= \frac{dQ_{\text{rev}}}{T} \\ \frac{T^\gamma}{P^{\gamma-1}} &= \text{konstant}, \\ \gamma &= \frac{C_P}{C_V},\end{aligned}$$